# <u>RU-møte - torsdag 23. januar kl. 16:15</u>

Stad: rom 1005, Realfagbygget

Hei!

Vi har mange saker på agaendaen denne gongen, og med meir beskriving på kvar sak ser den lang ut. Nytt er Formål med saka, som står rett under overskrifta, og på dei fleste sakene er det forslag til vedtak om kva vi skal konkludere i saka, enten vi skal meine eller gjere noko.
Sjølv om sakslista ser lang ut så skal mesteparten av sakene kunne ta relativt kort tid, alt etter kor mange innspel det er. Hugs å lese sakslista grundig.

Tradisjon tru vert det pizza og brus :-)

med helsing
Livar Bergheim
Leiar, Realistutvalget

**<u>Agenda:</u>**

**0. Oppmøte, pizza og kort orientering om kva som har skjedd i det siste**
**1. Fagkritisk dag**
**2. Studentlokale**
**3. Plan for våren**
**4. Nye møblar og andre læringsmiljø-tiltak**
**5. Fadderveka**
**6. Alumnusdagar i mai og studentar med på dette**
**7. Masterveke**
**8. Suppleringsvalg**
**9. Sosialt**
**10. Neste møte**
**11. Eventuelt**
**12. Møteevaluering**

**1. Fagkritisk dag**
*Formål: kort orientering om status for fagkritisk dag, drøfte fakultetet sine planar og utveksling av info om kva ein planlegg av arrangement*

Kristine Engan-Skei frå fakultetsadministrasjonen kjem på møtet for å ta opp fakultetet/institutta sine planar.
Sjå e-post vidaresendt frå Livar 21/1 ang. fakultetet sine planar.

Livar har bede SP-UiB om å lage ei oversikt over alt på fagkritisk dag og spurt om dei skal halde idé-workshop som ein har gjort tidlegare.

Litt om kva fagkritisk dag er for noko står her:
http://www.uib.no/form/arrangement/2012/12/fagkritisk-dag-ved-uib
Dagen er undervisningsfri (ingen forelesingar, seminar eller lab den dagen).

Kva planar har dei ulike fagutvala?

Kva skjer vidare:
- Fagutvalga set opp dei arrangementa ein ønskjer
- RU sørger for ei oversikt over kva som skjer på fakultetet (nettside, MiSide, e-post)
- RU innhentar tips frå andre fakultet

**2. Studentlokale**
*Formål: få oppdatering om lokala og bestemme oss for korleis vi vil arbeide vidare med studentlokale*

Fakultetsdirektør Bjørn-Åge Tømmerås kjem på møtet og fortel om status mtp. ombygging.
Vi ser kjapt på romma som skal byggast om (dei er rett over gongen for møterommet).

Drøfting
Å diskutere i detalj korleis studentlokale skal vere vil vere både for tidleg å ta no, og ta for lang tid på møtet. Forslaget er at ein set ned ei eiga gruppe som møtest og jobbar vidare med studentlokalet. Det vi kan diskutere her er det mest overordna.
Kva ein kan setje i gong med avheng av kor raskt det går å få bygd om noverande lokaler.
Det som ein uansett kan begynne med er å planlegge.

Livar har snakka med fleire av dei som var med å starte opp Ad Fontes på HF og fått fleire gode innspel:
- Få tak i planteikningar, print ut på A3 og tegn eigne forslag til innredning
- Eigen inngong frå utsida og rett til lokalet er gull verdt. Då kan ein ha opningstidene ein sjølve ønskjer (innanfor rammene av lova). Ad Fontes stenger døra inn til resten av bygget kl. 16:00
- Med eit slikt "sjølv-forsynt"-lokale må ein også ha eigne toalett.

- Det er fagutvala på HF som står for det meste av arrangement, fagkveldar etc.
- Start forsiktig med opningstider. I begynnelsen var Ad Fontes berre ope 10-14 nokre dagar, når ein hadde folk til det, og elles arrangement nokre fredagar.
- Unngå all form for matproduksjon (krev eige personaltoalett og andre strenge reglar).
  Sal av ferdig pakka mat ein har kjøpt inn er lettare. Må ha avklaring og god dialog med SiB RFB.
- Kaffi-fond anbefalast. Dette går ut på at det er gratis kaffi, og så kan ein donere pengar til fondet.

Bilete frå bygging av studentpubben Ad Fontes på HF, våren 2011:
http://www.flickr.com/photos/hsu_uib/sets/72157627471214932/

Forslag
1. RU lyser ut høve til å vere med å starte opp studentlokalet for alle studentar.
2. Vi går vidare med ei eiga gruppe beståande av dei frå RU som ønskjer å vere med, som føl opp studentlokale vidare og planlegg korleis det skal vere, innredning, organisering etc.
3. Det opprettast ei eiga undergruppe av RU som står for sjølve drifta og tilrettelegging for at fagutvalga kan bruke lokalet, etter modell frå Ad Fontes.

**3. Plan for våren**
*Formål: sjå på kva vi vil jobbe med dette semesteret, når det skjer og kven som jobbar med dei ulike sakene. Vi legg til ev. forslag som kjem i møtet.*

studentlokale kontinuerleg
sjå eiga sak

fadderveka planlegging ila. våren Ellen Birgitte sit i fadderstyret for RU
sjå eiga sak

alumni ??? / Livar
Alumnusdagane i mai. Der kjem mange tidlegare studentar tilbake.
Sjå eiga sak om alumnusdagane.
I tillegg bør vi få gruppe(r) i UiB sin alumnusportal så ein kan finne att og kontakte tidlegare studentar ved behov (fagleg foredrag, korleis har eg brukt utdanninga mi i arbeidslivet etc.)

læringsmiljø (stikkontakter, møblering) Natalie / Livar
sjå eiga sak om møblering

masterball/master seremoni Natalie
Natalie orienterer om hva som er diskutert med studieledelsen, her er det to hoved forskjeller som diskuteres: 1. Fest/seremoni for hele kullet i løpet av

kursing Livar

Først og fremst kurs for tillitsvalgte (organisasjonsarbeid, tema innan fagpolitikk/utdanningskvalitet etc.), og elles undersøke om det er mogeleg å få fleire kurs som er opne for alle studentar (t.d. IT-kurs, skrive-kurs etc).
Planen er å gå saman med andre som held kurs om å arrangere og delta på kvarandre sine kurs og seminar.

<u>sykkelparkering</u> Livar
Følgast opp vidare

<u>allmøte</u> april/mai alle

<u>eksamensrettar og emneevaluering</u>
I det minste kan ein opplyse studentane om dette via info på e-post/MiSide/ru.uib.no. Det at dei kan be om begrunning på eksamenar for å få tilbakemelding dei kan lære av, at emnevalueringar skal kome ut, be dei gje beskjed om manglar etc.
Kanskje ein felles kampanje på dette?

**4. Nye møblar og andre læringsmiljø-tiltak**
*Formål: vedta kva stader ein vil ha møblar, så vi kan levere konkrete forslag til fakultetet og følge dei opp.*

I etterkant av todagers-samlingen kom vi fram til at det var flere steder man ønsket nye møbelgrupper/sofagrupper, disse stedene var hovedsakelig:

1. Ved glassveggen i 1. etg, under trappen til kantinen
2. i U. etg på RFB (der der er plass til møbler som ikke hindrer rømningsveier dvs. der møbler står i dag)
3. Oppe på auditoriumsfløyen, mulig å få inn flere møbler m.t.p plass?

Dette er store areal som i dag, uten ombygging, kan brukes til sosiale tiltak.
m.t.p. utemøbler har vi ikke en klar visjon for hva vi ønsker, her må vi diskutere videre.

<u>Forslag til vedtak</u>
RU sender forslaga til stader å ha nye møbelgrupper, med dei endringane som kjem fram i møtet, til fakultet.

**5. Fadderveka**
*Formål: bli orientert om kva som skjer med fadderveka og kunne gje innspel til fadderstyret sitt vidare arbeid.*

Fadderstyret er midt i planleggingsprosessen, ingenting er skrevet i stein. Planen foreløpig er å

gjøre mye som tidligere år, bortsett fra

1. Droppe båtturen, og heller holde en helaften på Kvarteret
2. Prøve å finne et fint lokale til gallaen og droppe RFB
3. Prøve å få til et edru arrangement på torsdagen etter fotball og kanonballtunering. Skal snakke med Bergen Kino om man eventuell kunne få leie en sal svært billig
4. Snakk om en litt annen rute når det gjelder pub-til-pub og bruk av utesteder

**6. Alumnusdagar i mai og studentar med på dette**

*Formål: kort orientering om alumnusdagane og bestemme kva vi skal gjere for å få studentar som deltar i planlegging og gjennomføring*

sjå e-post frå Harald Åge Sæthre, vidaresendt av Livar 13/1

Fakultetet har planar for alumnusdagane ved UiB i mai, då mange tidlegare studentar kjem tilbake, og vil ha med studentar i planlegging og gjennomføring. Dei vert lønna.

Det er ingen som har meldt seg endå, og ein treng fleire personar.

Les om alumnusdagene her:
http://www.uib.no/alumnusdagene

Forslag til vedtak

Dersom ingen i RU/FU melder seg i løpet av veka så lyser vi dette ut for alle studentar på MatNat via MiSide/e-post.

**7. Masterveke**

*Formål: diskutere kva RU ev. skal gjere i forbindelse med masterveka på MatNat*

De har fått henvending frå fakultetet v/ Idunn Bjørlo Tandstand ang. kven ein ønskjer som foredragshaldarar i masterveka, i tillegg lurte dei på om me i RU er interesserte i å arrangere Mastermind-turnering. Dei har 4 slike spel som vart kjøpt inn eit tidlegare år.

Forslag

Om det er interesse for å gjennomføre nokon aktivitet så gjer vi det. Om ingen melder seg så takkar vi nei til fakultetet.

**8. Suppleringsvalg**

*Formål: supplere fast medlem til RU eller lyse det ut*

Bakgrunnen er at Martin Tran forlet oss til fordel for studier i Edinburgh, Skottland, og dermed

vert ein av dei 5 plassane som fast medlem i RU ledige.

I henhold til våre statuttar §3 så kan RU supplere undervegs. Dette vert noko kort frist, så dersom RU ønskjer det så kan ein ta ein meir grundig prosess dersom ein ønskjer dette.

Det er to som har sagt at dette er interessant å stille til. Korvidt dei faktisk vel å stille er ei anna sak. Dersom dette blir bekrefta så kjem det e-post om dette før møtet.

Forslag til vedtak
RU vel AA som nytt fast medlem i RU ut denne perioden (fram til sommaren)

**9. Sosialt**
Nokon sosiale arrangement som ein vil invitere andre til å vere med på framover?
Er det interesse for å ha internfest (for alle medlem av RU/fagutvalg/linjeforeningar ved MatNat) i løpet av semesteret? Når?

**10. Neste møte**
Rundt månadsskiftet februar/mars.
Saker: invitere SiB-kafé-direktør

**11. Eventuelt**

**12. Møteevaluering**
Kva var bra ved møtet og kva vil ein gjere betre/annleis neste RU-møte?